



Snart 21 år og den klart eldste kua i landet!

**I november i fjor skreiv vi om den spesielle kua til Johannes Hauge på Skorpo, Sjeivhodno, då ho nett hadde runda 20 år, og det var slått fast at ho var klart eldst i landet. I dag vert denne kua storveis presentert i Kvinnheringen med førsteside-oppslag og 4 sider inne i avisa.**

Lesarane får ei kjekk framstillinga av denne NRF-kua som kom til verda i 1994 og har fødd 17 kalvar derav to tvillingpar. På innleiingsbiletet over ei dobbelside vert ho tillagt eit artig og passande sitat: 'Du skal vera velkommen til øya mi, men.....seier du eit skeivt ord om horna mine...!'

Sjølv om Sjeivhodno no har fått forbod mot fleire kalvar, er ho framleis til glede og nytte for husbonden. Nyleg berga ho eit lam frå reven. Ikkje verst av den eldste i landet:

Når det gjeld alder, så er ikkje ho berre eldst. Statistikkane viser at ho er så desidert eldst! Utpå hausten vert ho 21 år.

Den særeigne kua, husbonden hennar og livet på Skorpo kan de lesa meir om i dagens utgåve av Kvinnheringen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ståle Eik.